

Sak

Reguleringsplan for området Nystølen,  
Gol k. Buskerud.

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
7.	1. mars 85	Fylkesmannen oversender saksmappe + kart.	
2	22. april	T. H. Haraldsen til fylkesmannen om et område	
2a	22. april	T. H. Haraldsen til Gol k. om et område må befares	
3	4. juli 85	Befar: Ingen funn. Bare utbyggingsdelen er undersøkt.	
4	30. juli	T. H. Haraldsen: H. kommunen - ingen merknader. Ytterligere utbygging innebærer fornyede befaringer.	



7

## FYLKESMANNEN I BUSKERUD

Universitetets Oldsaksamling  
Fredriks gt. 2  
0164 OSLO 1.

GLOSAKSAMLINGEN	
Jnr. 000580	00.MRS.85
SAKSB. AEC	ARK.Nr.

DERES REF.

VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)

DATO

Jnr. 5004/84 ark. 714.8 OAB

1. mars 1985

REGULERINGSFORSLAG FOR OMRÅDET NYSTØLEN.  
GOL KOMMUNE.

Overnevnte reguleringsforslag er mottatt hos fylkesmannen for stadfesting i medhold av § 27 i bygningsloven av 18.06.1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 fra Miljøverndepartementet.

En ber om Oldsaksamlingens uttalelse til foreliggende forslag til reguleringsplan

./.. Vedlagte saksdokumenter bes sendt i retur med uttalelsen.

Etter fullmakt

Olfrid Buer

# GOL KOMMUNE

TEKNISK ETAT

TLF. 067-74 100

3550 GOL

VAR DATO

20.11.1984

— REFERANSE A.504.1/OF/åt

DYKKAR DATO

— REFERANSE

Fylkesmannen i Buskerud  
Haugesgt. 89  
3000 DRAMMEN

*Jnr 5004/84  
ark 74.8*

*JR.*

## Reguleringsplan for området Nystølen i Gol kommune

Gol kommunestyre vedtok i møte 31.10.1984, sak nr. 214, å fremje ovannemnde plan. I samsvar med § 27 pkt. 5 vert plan og føresegner oversendt fylkesmannen for stadfesting.

Ein ber om at planen vert stadfesta snarast råd er, då Hallingdal jordskifterett ynskjer å avslutte saka i inneverande år.

Med helsing  
GOL KOMMUNE

*O. Fjøsne*  
O. Fjøsne  
reguleringssjef

Vedlegg: - 4 stk. lerretskopiar av planforslaget  
+ 4 stk. reguleringsføresegner  
- Kopi av alle saksdokument

Kopi: Jordskiftedommar Mehl, 3550 Gol

# GOL KOMMUNE

Tlf.: (067) 74 100

3550 GOL

## Reguleringsplan for området Nystølen i Gol kommune

### Dokumentliste:

1. Søknad frå Hallingdal Jordskifterett dagsett 14.07.1983
2. Brev frå Svein Botten dagsett 05.07.1983
3. Utskrift av møteboka for Gol bygningsråd, sak 253/83 B
4. Til avisene - kunngjering - dagsett 05.01.1984
5. Til styrer/instansar/råd - dagsett 12.01.1984
6. Utskrift av møteboka for Gol kulturutval, sak 6/84
7. Utskrift av møteboka for Gol landbruksnemnd, sak 61/84 J
8. Utskrift av møteboka for Ål formannskap, sak 156/84 F
9. Brev frå Statens Vegvesen dagsett 27.02.1984
10. Brev frå Fylkesrådmannen dagsett 13.02.1984
11. Utskrift av møteboka for Gol formannskap, sak 28/84 F
12. Brev frå Olav B. Gjerdene dagsett 28.01.1984
13. Brev frå Svein Botten dagsett 30.01.1984
14. Brev frå Televerket dagsett 27.01.1984
15. Fra Gol og Hemsedal lensmannskontor/Ringerike politikammer, dagsett 16.01.1984/18.01.1984
16. Utskrift av møteboka for Buskerud fylkeslandbruksstyre, sak 381 J
17. Utskrift av møteboka for Teknisk hovedutval/bygningsrådet, sak 224/84 B
18. Utskrift av møteboka for Gol kommunestyre, sak 214/84 K

Gol, 20.11.1984  
åt

Sak nr.: 253/83 B

A. 504.1  
OF/åtREGULERINGSPLAN FOR NYSTØLENE STØLSLAG - 1. GANGS BEHANDLINGSaksdokument:

1. Brev frå Hallingdal jordskifterett v/Lars Johan Mehl dagsett 14.07.1983.
2. Reguleringsplanforslag dagsett 30.06.1983 med tilhøyrande reguleringsføresegner
3. Skriv frå Svein Botten dagsett 05.07.1983.

Bygningsrådet var på synfaring.

VEDTAK (samrøystes):

Bygningsrådet vedtek, i samsvar med § 27 i bygningslova, å leggja ut til offentleg ettersyn reguleringsplanforslag med tilhøyrande reguleringsføresegner for området Nystølene stølslag.

Sign: Rett utskrift:  
Gol, 05.10.1983  
Åse TamburplassUtskrift sendt til:  
Hallingdal jordskifterett v/L.J.Mehl, 3550 Gol  
Nystølene stølslag v/Leif Jonsgård, 3550 Gol

Kommune	Styre, rad, utvalg m. v.	Møtested	Møtedato
Gol	Kulturutvalet	Gol Samfunnshus	26/1-84

Sak nr.

Sak 6/84. REGULERINGSPLANAR.

Samrøystes vedtak:

- området Nystølen sameige:  
Kulturutvalet har ingen merknader til planen under forutsetning at den ikkje kjem i konflikt eller låser fri ferdsel ved Gol Skiheiser.
- området Sjauset stølslag,  
Ingen merknader.
- området Hjartingstølane sameige,  
Ingen merknader.
- Plan for gang- og sykkelveg Heslasvingen-Steinmoen.  
Ingen merknader.

Sten Markussen. Julius Skaret. Solveig Orstad Teigen.

Karin Stang. Hans Wølneberg. Ola Halvar Jorde.

Ola Kjell Hodnungseth.

Sign.

Jon Brünborg

Utskrift sendt til

Gol kommune, teknisk etat.

frå møteboka til GOL LANDBRUKSNEMND i møte den 25. juni 1984.  
Av landbruksnemnda's medlemmer medrekna varamenn møtte 5.

7  
52

Landbruksnemnda Gol		Fylkeslandbruksstyre Buskerud	
Møte 25.06.84	Sak 61/84 J	Møte	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak 53/84 J	Reg.nr.	Tidl. sak

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET NYSTØLEN I GOL.

Ein viser til tidlegare landbruksnemndsak nr. 53/84 J.

På møtet låg føre kartmateriale som viser avgrensinger av dei arealer som iflg. jordskiftet som er i gang vil bli lagt ut til jordbruksføremål.

På same kart er, med bakgrunn i tidlegare arealvurderingar, innteikna grensene for A-områder. Gol landbruksnemnd registrerer at omsekke hyttetomter/hyttefelt ikkje kjem i konflikt med nemnde arealkategorier.

Ein er elles kjent med at hyttetomtarealene er lagt ut i samband med jordskifteetaten.

Framlegg til vedtak:

Gol landbruksnemnd vil ut frå ei samla vurdering rå til at reguleringsplanen for området Nystølen blir godkjent.

Av planen går det fram at ein her har å gjera med eit betydeleg tomtetal som for mange av eigedomane representerer ein vesentleg ressurs. Landbruksnemnda vil difor gå inn for at jordloven framleis må gjelda, også innanfor dei kartfesta utbyggingsområde.

Samrøystes vedtak:

Gol landbruksnemnd sluttar seg til framlegget til vedtak.

Gol landbruksnemnd finn likevel grunn til å peika på at deler av hyttefeltene er høgtliggande, og etter nemnda sitt skjøn noko uhledig plassert ut frå ein landskapsmessig vurdering. Men nemnda reknar med at dette er tilhøve som blir vurdert av andre instanser.

Rett utskrift:

Gol, 26. juni 1984.

Sendes med 5 vedlegg til Buskerud fylkeslandbruksstyre, 3213 Drammen til vidare handsaming.

Ein viser elles til saksdok. sendt beinvegen frå Gol bygningsråd.

Gol landbruksnemnda, 3550 Gol, 26/6-84.

*Olov Brønstad*  
Olov Brønstad

Kopi: Gol bygn.råd, 3550 Gol.

Nystølen Setering v/Loif Haugen, 3550 Gol.

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

Utskrift sendt til


*O. B.*

# Utskrift av møtebok

for A1 formannskap

i møte den 30. april 1984

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtende varaimenn medrekna).



05  
8

F.SAK 156/84. REGULERINGSPLAN FOR NYSTØLEN SAMEIGE, GOL.  
Arkiv 504

## Samrøystes vedtak:

A1 formannskap har følgjande merknadar til reguleringsplanen for Nystølen sameige (udatert):


1. Buffersonegrense for Syningen skyteområde må teiknast inn på plankartet.
2. Reguleringsplanen bør oversendast til Torpomoen HV skule til uttale.
3. Ein understrekar at avgrensing av reguleringsplanen inn i A1 kommune ikkje har nokon innverknad på kommunegrensa.
4. A1 formannskap synes det vert lagt opp til for stor hytteutbygging inn til kommunegrensa og ber om at hyttetalet vert redusert.

Retts utskrift, A1 formannskapskontor den 3. mai 1984

*K. Sollien*  
Kirsten Sollien  
ktr.flm.

Vert sendt: Gol kommune  
Bygningsrådet





STATENS VEGVESEN  
VEGSJEFEN I BUSKERUD FYLKE

292.34

0.7.

9

Saksbehandler Tovslid

Gol kommune  
Teknisk etat

3550 GOL

Deres ref.  
OF/åt

Var ref.  
0285/84  
AT/MS

Ark. nr.  
363-17

Dato  
27. februar 1984

GOL KOMMUNE - FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET  
NYSTØLEN SAMEIGE.

Vi har mottatt for uttalelse ovennevnte planforslag  
datert 30.06.83 (tegn. nr. G-1-12).

Vi har ikke merknader til planforslaget.

De tilsendte dokumenter beholdes her.

Gjenpart: Buskerud fylkeskommune, Plan- og utbyggingsavd.,  
Haugesgt. 89, 3000 DRAMMEN.

Etter fullmakt:

*Thomas Thomassen*  
Thomas Thomassen  
Overingeniør

*Arne Tovslid*  
Arne Tovslid  
Avd.ing.

10

## BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

## FYLKESRÅDMANNEN

Gol kommune  
Teknisk etat

3550 GOL

DERES REF.:

DERES BREV

VÅR REF.:

DATO

U.jnr. 112/84  
Ark. 714  
KAa/IB

13.2.1984

GOL KOMMUNE - REGULERINGSFORSLAG FOR OMRÅDET NYSTØLEN  
SAMEIGE. PLAN DAGSETT 30.6.1983

Dykkar brev av 12.1.1984.

Fylkeskommunen har fylgjande merknader til regulerings-  
forslaget:

1. Kommuneplanssamanhang m.m.

Hytteutbygginga med 64 nye tomter samsvarar med den ramma Gol kommune har fastsett i kommunestyremøtet den 14.5.1975 for tidbolken fram til 1995.

Dei planlagde hyttetomtene er lagd i søre delen av stølslaget og innafor det området som i dei utarbeidde landbruksfaglege vurderingane av 21.11.1979 er vist som D-område (ikkje vurdert).

Av omsyn til det då pågåande jordskiftet vart desse areala førebels ikkje vurdert. Den resterande delen av stølslaget vart vurdert som A-område. Fylkesrådmannen går utifrå at landbruksmyndighetene vurderar D-området under handsaminga av det føreliggjande reguleringsforslaget.

Fylkeskommunen er kjend med arbeidet med ein reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt. Det meste av planområdet ligg i Ål kommune. Den delen av planen som omfatter areal av Nystølenområdet i Gol, er i skyte- og øvingsfeltreguleringa regulert til landbruk. I Nystølen-reguleringa er ikkje regulert nye hyttetomter i det aktuelle området. Derimot ligg der 4 eksisterande hytter og ein felles parkeringsplass.

## 2. Planframstilling

For dei felles parkeringsplassane og tomtene nr. 7, 12, 36, 46, 52, 53-54, 55-56 og 59 bør markerast veg inn til desse fra hovedveg eller samleveg. For dei regulerte vasskjeldene bør det for orden skuld visast gangveg inntil desse, då det mellomliggjande området elles vert regulert til landbruk.


Tomtene nr. 50, 55 og 59 tykkjest vere lagt noko for nær den gjennomgåande stien/løypa over Tore-tjernhovda.

## 3. Reguleringsføresegner

Reguleringsføresegnene synest vera greie.

Ein har tillate seg å halde attende det hitsende plankartet.

Etter fullmakt



Otmar Muhr

plan- og utbyggingssjef



Kåre Aase

11  
12

Sak nr.: 28/84 F

A. 504  
OHB/ime

Generalplanutvalssak

REGULERINGSPLAN FOR NYSTØLEN SAMEIGE.

Vedlegg: Reguleringsframlegg - teikn. G - 1 - 12, dagsett 30.06.1983  
(er utlagt til off. gjennomsyn).  
Reguleringsføresegner.

Reguleringssjefen har med brev av 12.01.1984 etter vedtak i møte i bygningsrådet 04.01.1984 førelagt plan og føresegner m.a. for formannskapet (som generalplanutv.) for eventuelle merknader.

Sameiga har fått ein hyttekvote på 64 einheiter. Reguleringsplanen er i samsvar med dette. Det er dessutan planfesta 4 hytter, bygde før 06.03.1973. Dei 64 hyttetomtene er sterkt konsentrert i søre del av sameige.

Hyttekvoten/tomtekvoten er delt på 14 eigarar med frå 1 til 10 tomter på kvar eigar. Det er vist vegutløysing til samtlege nye tomter. For detaljer elies, vert vist til reguleringsføresegnene.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet har førebels ikkje noko å merke til plan og føresegner, men tek atterhald om å få kome attende til saka når faginstansane sine fråsegner føreligg.

Gol, 24.01.1984  
Olav H. Bale

Formannskapet gjorde i møte 30.01.1984 slikt

SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet har som generalplanutval ikkje merknader til planframlegget.

Rett utskrift:

Gol, 1/2-84

Berit Langchaug  
Berit Langchaug

Sign.:

Utskrift sendt til:

Bygningsrådet/teknisk hovedutval.

Vert med vedlegg sendt politimeisteren i Ringerike.  
Eg har ingen merknader til framlegga.

Gol og Hemsedal lensmannskontor, den 16.1.1984.

*H. Brusserud*  
H. Brusserud.



19.1.84 504.1

Tilbakesendes Gol Kommune - teknisk etat, 3550 - Gol,  
idet meddeles at jeg ikke har noe å bemerke til omhandlede  
reguleringsplaner, jfr. foranstående påtegning av 16. ds. fra  
lensmannen i Gol og Hemsedal.

RINGERIKE POLITIKAMMER, Hønefoss, 18. januar 1984.

*Arne - W. Joraker*  
Arne - W. Joraker

FYLKESLANDBRUKSSTYRET

I BUSKERUD

3000

16


IJ/SW J.jnr. 31/84.

3000 DRAMMEN, 28. august 1984.

Gol kommune,  
Teknisk etat,  
3550 G O L.  
-----

./.. Til underretning sender vi Dem vedlagt utskrift av møteboken for Fylkeslandbruksstyret i Buskerud vedkommende sak nr. 381/84 J.

Etter fullmakt:

  
Idan Jørgensen

Gjenpart er sendt til:

FYLKESLANDBRUKSSTYRET

I BUSKERUD

Vedlegg

329 F

Buskerud fylkeslandbruksstyres protokoll fra møte 27.08.1984.

Sak 381 J:

Reguleringsplan for området Nystølen i Gol. Landbruksnemnda i Gol uttaler i sak 53/84 J:

“Frå Gol bygningsråd sendt til uttale framlegg til reguleringsplan for nemnde område.

Planen omfattar eit areal på i alt ca. 5084 dekar.

Innan området finn ein 14 setereigedomar med 101 dekar fulldyrka, 22 dekar overflatedyrka og gjødsla beite. Ca. 2606 dekar er iflg. økonomisk kartverk registrert som dyrkbart.

Iflg. framlegget til reguleringsplan er det planlagt i alt 64 hyttetomter innan planområdet. I tillegg kjem 4 eldre frådelte hyttetomter som det frå tidlegare er bygd hytter på. Alle dei planlagte hyttetomter vert iflg. økonomisk kartverk liggande på udyrka, ikkje dyrkbar mark.

Talet på nye hyttetomter er i samsvar med dei retningslinjer for utmarksutnyttinga i Gol som vart vedtekne av Gol kommunestyre i 1975.

Ein viser elles til saksvedlegg med eigedomsoversyn og oppgåve over fordelinga av dei planlagte hyttetomter.

Gol landbruksnemnd synfarde dei aktuelle arealer i dag. Frå Nystølen setersameige møtte Leif Jonsgård, Svein Botten, Olav Gjerdene og Eilev Øynebråten. Fylkeslandbruksjef Vale og fylkesagronom Fredriksen var dessutan med på synfaringa.

Olav Gjerdene ga under synfaringa uttrykk for misnøye med plasseringa av 4 av dei tomtene han var tildelt, tomtene nr. 27-30. Dette ut frå ei økonomisk vurdering med bakgrunn i ein etter måten lang veg fram til tomtene.

Samrøystes vedtak:

Saka blei utsatt for vidare handsaming på neste møte.”

Videre uttaler nemnda i sak 61/84 J:

"På møtet låg føre kartmateriale som viser avgrensinger av dei arealene som iflg. jordskiftet som er i gang vil bli lagt ut til jordbruksføremål.

På same kart er, med bakgrunn i tidlegare arealvurderingar, innteikna grensene for A-områder. Gol landbruksnemnd registrerer at omsøkte hytte-tomter/hyttefelt ikkje kjem i konflikt med nemnde arealkategorier.

Ein er elles kjent med at hyttetomtarealene er lagt ut i samband med jordskifteetaten.

Framlegg til vedtak:

Gol landbruksnemnd vil ut frå ei samla vurdering rå til at reguleringsplanen for området Nystølen blir godkjent.

Av planen går det fram at ein her har å gjera med eit betydeleg tomtetal som for mange av eigedomane representerer ein vesentleg ressurs. Landbruksnemnda vil difor gå inn for at jordloven framleis må gjelda, også innanfor dei kartfesta utbyggingsområde.

Samrøystes vedtak:

Gol landbruksnemnd sluttar seg til framlegget til vedtak.

Gol landbruksnemnd finn likevel grunn til å peika på at deler av hyttefeltet er høgtliggande, og etter nemnda sitt skjøn noko uhledig plassert ut frå ein landskapsmessig vurdering. Men nemnda reknar med at dette er tilhøve som blir vurdert av andre instanser. //

Fylkeslandbrukssjefens innstilling:

Buskerud fylkeslandbruksstyre sluttar seg til landbruksnemndas vedtak i sak 61/84 J og kan tilrå reguleringsplan for området Nystølen i Gol under forutsetning av at jordlovens § 55 gjøres gjeldende i hytteområdene.

Enstemmig vedtak: Som innstillingen.

*[Handwritten signature]*



17

Sak nr.:

224/84 B

A.504.1  
01/84

REGULERINGSPLAN FOR NYSTØLEN STØLSLAG

2. gongs handsaming

Saksdokument:

1. Planforslag, teikning G-1-12, dagsett 30.06.1983 med tilhøyrande føresegner
2. Brev frå Hallingdal jordskifterett v/Lars Johan Mehl dagsett 14.07.1983
3. Skriv frå Svein Botten dagsett 05.07.1983
4. Bygningsrådssak 285/83B - 1. gongs handsaming
5. Kunngjering til avisene dagsett 05.01.1984
6. Skriv dagsett 12.01.1984 til styrer, råd, instansar som har interesse i planen
7. Utskrift frå møte i kulturutvalet 26.01.1984, sak nr. 6
8. Utskrift frå møte i landbruksnemnda 25.06.1984, sak nr. 61/84 J
9. Utskrift frå møte i Ål formannskap 30.04.1984, sak nr. 156
10. Brev frå vegsjefen i Buskerud dagsett 27.02.1984
11. Brev frå Buskerud fylkeskommune dagsett 13.02.1984
12. Utskrift frå møte i Gol generalplanutval 30.01.1984, sak nr. 28
13. Klage frå Olav B. Gjerdene dagsett 28.01.1984
14. Brev frå Svein Botten dagsett 30.01.1984
15. Brev frå televerket dagsett 27.01.1984
16. Brev frå lensmannen i Gol dagsett 16.01.1984 med påtegning frå Ringerike politikammer dagsett 18.01.1984

Kulturutvalet, vegsjefen, landbruksnemnda, generalplanutvalet, televerket og lensmannen i Gol og Hemsedal har ingen merknader til planforslaget/reguleringsføresegnene.

REGULERINGSJEFEN SINE MERKNADER:

Saksdokument 9 - merknader frå Ål formannskap:

- Pkt. 1 Reguleringsplanforslaget berører ikkje buffersone som er vist i reguleringsplanforslaget for Syningen skyve- og øvingsfelt dagsett 07.04.1981, sist revidert 07.12.1981
- Pkt. 2 Reguleringsplanforslaget vart oversendt Heimvernabulen på Torro 27.01.1984
- Pkt. 3 Ein reguleringsplan regulerar arealbruken og endrar ikkje eigedoms- eller kommunegrensar.
- Pkt. 4 Ål formannskap "synes det vert lagt opp til for stor hytteutbygging inn til kommunegrensa og ber om at hyttetallet vart redusert".  
Dei planlagde hyttetentene ligg over 500 meter frå kommunegrensene.

Sign.:

Utskrift sendt til:

Sak nr.:

224/84 B

- 2.-

grensa mot Ål. Reguleringsjefen meiner at ein ikkje kan ta omsyn til ynskje frå nabokommunen om redusert utbygging.

Saksdokument 11 - merknader frå Biskerud fylkerkommune:

Det vil bli teikna tilkomstveg til tomter/parkeringsplassar frå hovudveg i samsvar med merknadene.

Saksdokument 13 - klage frå Olav B. Gjerdene:

Ein kan ikkje tilrå at det vert teke omsyn til klagen, då det ville føre til ei større spredning av tomatene innover (nordover) i planområdet.

Saksdokument 14 - merknader frå Svein Botten:

Ein kan ikkje tilrå at det vert teke omsyn til merknadene då dette vil føre til ei større spredning av hyttetomatene.

REGULERINGSJEFEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bygningsrådet tilrår planforslag/reguleringføresegner slik som ved 1. gongs handsaming med den endring at tilkomstveg frå hovudveg til felles parkeringsplassar og til tomtene 7, 12, 36, 46, 52, 53, 54, 55, 56 og 59 vert vist på kartet. Klage frå Olav B. Gjerdene og frå Svein Botten vert ikkje teken til fylgje. Viser elles til reguleringsjefen sine merknader.

Gol, 21.03.1984  
O. Fjøsne

O. Sagabråten fremja fylgjende forslag:

Bygningsrådet meiner at for mange hytter er plassert på høgda ovanfor Maristolen.

Forslaget fekk 2 røyster.

Bygningsrådet stemte deretter over reguleringsjefen sitt forslag.

VEDTAK:

Reguleringsjefen sitt forslag samrøystes vedteke.

Sign.:

Notis utskrift:  
Gol, 29.03.1984

Utskrift sendt til:

Gol kommunestyre, per - for behandling.

1300 Innleidelse

Av møteboka for GOL KOMMUNESTYRE  
i møte 31. oktober 1984.

Av 21 medlemmer var 21 tilstades (møtande vramenn medrekna).

229/84 F. 214/84 K.

A. 501.3.  
CHB/okl

REGULERINGSPLAN FOR ONRÅDET NYSTOLEN STØLSLAG:

Vedlegg: Brev frå teknisk sjef 03.09.84.  
Vedleggsliste (17 vedlegg).

Vedlegga følgjer utlagde saksdokument.

Formannskapet har hatt reguleringsplanframlegget i eigenskap av generalplannemnd, den 30.01.84, sak 28/84 F. Reguleringsplanframlegget var kunngjort utlagd til gjennomsyn den 01.02.84 (Hallingsdalen og Norsk Lysingsblad), og dei i lova nemnde instansar vart tilsende planframlegget til fråsegn den 12.01.84.

Innkome klager/merknader vart behandla i bygningsrådet 28.08.84.

Kulturutvalet, vegsjefen, landbruksnemnda, generalplanutvalet, televerket og lensmannen i Gol og Hemsedal har ingen merknader til planforslaget/reguleringsforsøgnene.

REGULERINGSSEJFEN SINE MERKNADER:

Saksdokument 9 - merknader frå Ål formannskap:

- Pkt. 1 Reguleringsplanforslaget berører ikkje buffersona som er vist i reguleringsplanforslaget for Syningen skyta- og øvingsfelt dagaett 07.04.1981, sist revidert 07.12.1981
- Pkt. 2 Reguleringsplanforslaget vart oversendt Heimevernskulen på Torpo 27.04.1984
- Pkt. 3 Ein reguleringsplan regulerar arealbruken og endrar ikkje eigedoms- eller kommunegrenser.
- Pkt. 4 Ål formannskap "synes det vert lagt opp til for stor hytteutbygging inn til kommunegrensa og ber om at hytte-talet vert redusert".  
 Dei planlagde hyttetontene ligg over 500 meter frå kommunegrensa mot Ål. Reguleringssejfen meiner at ein ikkje kan ta omsyn til ynskje frå nabokommunen om redusert utbygging.

Saksdokument 11 - merknader frå Baskerud fylkekommune:

Det vil bli teikna tilkomstveg til tomter/parkeringsplassar frå hovudveg i samsvar med merknadene.

Saksdokument 13 - klage frå Olav B. Gjerdene:

Ein kan ikkje tilrå at det vert teke omsyn til klagen, då det ville føre til ei større spredning av tomtene innover (nordover) i planområdet.

Signa:

Utskrift sendt til:

UTSKRIFT

Av møteboka for GOL KOMMUNESTYRE  
i møte 31. oktober 1984.

Av 21 medlemmer var 21 tilstades (møtande vramenn medrekna).

5/11-84 504.1 OF

Saknr. 224/84 F. 214/84 K.

Side 2.

A. 504.3.  
UDD. OKI

Sakdokument 14 - merknader frå Svein Rotten:

Ein kan ikkje tilrå at det vert teke omsyn til merknadene då dette vil føre til ei større spredning av hyttetomtene.

REGULERINGSSJEFEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bygningsrådet tilrår planforslag/reguleringføresegner slik som ved 1. gongs handsaming med den endring at tilkomstveg frå hovudveg til felles parkeringsplassar og til tomtene 7, 12, 36, 46, 52, 53, 54, 55, 56 og 59 vert vist på kartet. Klage frå Olav B. Gjerdene og frå Svein Rotten vert ikkje teken til fylgje.

Viser elles til reguleringssjefen sine merknader.

Gol, 21.09.1984  
O. Fjøsne

O. Sagabråten fremja fylgjande forslag:

Bygningsrådet meiner at for mange hytter er plassert på høgda ovanfor Maristølen.

Forslaget fekk 2 røyster.

Bygningsrådet stemte deretter over reguleringssjefen sitt forslag.

VEDTAK:

Reguleringssjefen sitt forslag samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår til reguleringsplanen for Nystølen stølslag vert vedteken slik bygningsrådet gjer framlegg om i møte

28.08.84, sak 224/84 B-

Vidare rår formannskapet til at reguleringføresegnene til planen for Nystølsområdet vert godkjende.

Gol, 19.09.84.  
Olav H. Bale

Formannskapet i møte 20.9.1984:

- ./.. Nytt vedlegg framkgt i møte : Møteutskrift Buskerud fylkeslandbruksstyre 27.8.84, sak 381 J.

Formannskapet gjorde i møtet samrøystes TILRADING

Framlegget frå rådmannen vert vedteke.

Kommunestyret 31. oktober 1984 : Samrøystes vedteke.

Retts utskrift:  
Gol, 2/11-84

Berit Langebaug  
Berit Langebaug

Utskrift sendt til: Teknisk etat for vidare

underretning og ekspedering

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET NYSTØLSAMEIGA,  
GOL KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er på plankart sist datert 30.06.1983 vist med reguleringsgrense (samsvarer med sameiegrense). Utnytting i området skal skje i samsvar med reguleringsplan. Det er en føresetnad at maks. tomtestørrelse ikkje overstig 1000 m<sup>2</sup>.

§ 2

Før byggjeløyve vert gjeve skal det liggje føre tomtedelings-/utbygging plan godkjend av bygningsrådet for vedkomande byggeområde eller så stor del av planområdet som bygningsrådet finn bør detaljplanleggjast samla.

§ 3

OMRÅDE FOR HYTTTER/FRITIDSHUS

Tal for hytteeiningar i dei einskilde hyttefelt er påført plankartet. Med hytteeining meiner ein eitt fritidshusvære med tilhøyrande uthus. Kvar hytteeining kan oppførast med inntil 100 m<sup>2</sup> golvareal.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar sjå til at bygga får god form og materialbruk.

Alle bygningar skal ha saltak og må ikkje ha meir enn ei høgd.

Form, høgd og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

Grunnmur skal vera tett. Der det vert nytta søyle-/pillarfundament må felta mellom desse stengjast forsvarleg.

§ 4

JORD- OG SKOGBRUKSOMRÅDE

Områda skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Det kan oppførast bygningar som har med slik drift å gjera.

§ 5

TRAFIKKOMRÅDE

Langs vegar som er opne for ålmen ferdsel skal det vera 40 m. byggeline-avstand frå vegmidte.

§ 6

Når særlege grunnar taler for det, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse reguleringsføresegnene innanfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for kommunen.

# REGULERINGSPLAN for NYSTØLEN i GOL KOMMUNE


Saksbehandling etter bygningslova	DATO	DATO	SIGN
Plan utarbeid i samarbeid med Jordskifteverket/grunneigarane	30.6.1983		
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK	4.10.1983	28.8.1984	
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN	10.1.-31.1.1984		
KOMMUNESTYRETS VEDTAK	31.10.1984		
STADFESTA AV			

## Revisjonar


Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



MÅLESTOKK 1:5000



<b>GOL KOMMUNE</b> GRUNNEIGARE/JORDSKIFTEVERKET/TEKNISK ETAT	TEIKN NR G-1-12	DATO 30.6.1983	SIGN O.F.
---	--------------------	-------------------	--------------

OLDSAKSAMLINGEN  
VIKINGSKIPSHUSET

FREDERIKS GATE 2, OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00

KOPI



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
VIKING SHIP MUSEUM  
FREDERIKS GATE 2, OSLO 1

EKSPEDISJONSTID FRA  
KL. 12.00 TIL 15.45 (15.00)

Fylkesmannen i Buskerud,  
Fylkeshuset,  
3000 Drammen.

OSLO, 22. april 1985.

VÅR REF.: 580/85 THH/GI.

DERES REF.:

REGULERINGSFORSLAG FOR OMRÅDET NYSTØLEN, GOL KOMMUNE:

Vi viser til Deres henvendelse vedrørende ovennevnte planforslag.


Nystølen ligger i et område hvor en tradisjonelt finner jernvinne og dyregraver, jfr. vår uttalelse til Lyingen Skytefelt.

Området må befares, og dersom det gjøres funn, må disse kartlegges før vi kan ta endelig stilling til søknaden. Befaringen vil bli gjort i løpet av sommeren.

for  
førstekonservator Arne Emil Christensen

Tom H. Haraldsen  
mag.art.

Kopi: Gol kommune,  
Fylkeskonservatoren i Buskerud.



UNIVERSITETETS  
OLDSAKSAMLING  
FREDERIKS GATE 2  
OSLO 1

Gårds/bruksnavn Nystølen	
G.nr./br.nr. Gnr. 16, bnr. 21	
Kommune Gol	Fylke Buskerud
Sogn	Prestegjeld
Eier/bruker, adr.	
Gjelder: Befaring av reguleringsplan for området Nystølen. Funn av kullgrop.	
Flyfoto	Kartref.
Innber./rapport/reg. ved: Tom H. Haraldsen	Dato 4. juli 1985.

Befaring ble foretatt 4. juli av undertegnede og Geir Johannesen.

Planområdet er en del av et slakt sydvendt fjellplatå. Topografien veksler sterkt, med bergknauser og lave rygger og med mellomliggende myrer og vann, brutt av lavere grus- og steinrygger. Vegetasjon er mose, lav, fjellbjørk og einer, med spredte furutrær i områdets SV-lige del.

Hyttefeltene med tilstøtende arealer ble gått over med sikte på synlige fornminner. Det vil si jernvinne, dyregraver og gravminner. Det ble ikke gjort funn.

Utenfor planområdet, nede i skogen, ble det funnet en kullgrop på gnr. 16, bnr. 21, trolig på gammel setervoll, straks S for veien (5 meter) jfr. kartutsnitt. Utenfor gjerdet til nåværende hytteeiendom ligger det en sirkulær kullgrop som tegner seg godt i terrenget. Voll og grop er gressbevokst. Prøvestikk ga funn i bunnen. Gropen er kvadratisk. Tverrmål 5m, vidde 1m og dybde 0,8m.



Gårds/bruksnavn	
Nystølen	
G.nr./br.nr.	
Gnr. 16, bnr. 21	
Kommune	Fylke
Gol	Buskerud

- 2 -

Til tross for magert resultat innen selve planområdet bør vi følge nøye utbygging og dyrking i området, og da særlig områdene mot Flæin og i skogsbeltet.

Landbruksetaten bør gjøres oppmerksom på at det kan være jernvinne i aktuelle dyrkingsområder. Vi må derfor få slike planer til uttalelse.

  
Tom H. Haraldsen.

- 4 -  
UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Gol kommune,  
Teknisk etat,  
3550 Gol.

OSLO, 30. juli 1985.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 580/85 THH/GI.

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET NYSTØLEN I GOL KOMMUNE.

Vi viser til ovennevnte planforslag som vi har fått oversendt fra Fylkesmannen i Buskerud.

Området ble befart 4. juli d.å.. Det ble ikke gjort funn i konflikt med utbyggingsplanene.

Det er imidlertid bare områdene med påstående bebyggelse, samt planlagt utbygging som er befart. En anser det derfor nødvendig med separat vurdering av enkeltbygg eller felt som kommer i tillegg til de som er foreslått.

Utenfor området, på gnr. 116, bnr. 21, kartavmerking R 1, ble det funnet en kullgrop. Vi regner med at det er flere i området og i skogsranda ovenfor gårdene. Funnet av kullgrop støtter vår oppfatning av at det bør være jernvinne i planområdet.

Vi vil derfor be om at alle planer vedrørende veianlegg, dyrking, byggevirksomhet o.l. sendes Oldsaksamlingen til vurdering.

Med hilsen

Arne Emil Christensen  
bestyrer

Tom H. Haraldsen  
mag.art.

Kopi: Fylkesmannen i Buskerud  
Fylkeskonservatoren i Buskerud  
Landbruksetaten i Gol.



FYLKESMANNEN I BUSKERUD

KOPI

Gol kommune

3550 GOL

OLDSAKSAMLINGEN

J.nr. 001088 30 APR 86

SAKSB. ABE ARK.Nr.

DERES REF.

VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)

Jnr. 5004/84 ark. 714.8 JR/OAB

25<sup>DATO</sup>.04.1986

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET NYSTØLEN.  
GOL KOMMUNE.

Dykkar brev av 20.11.1984.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18.06.1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 frå Miljøverndepartementet, stadfester fylkesmannen herved vedtak av Gol kommunestyre den 31.10.1984 om denne reguleringa.

Vidare stadfester fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak av same dag om reguleringsføresegner til planen. Ved stadfestinga har fylkesmannen gjort endringar i planen og reguleringsføresegnene i samråd med kommunen.

././. Eitt eksemplar av føresegnene slik dei skal lyda, følgjer vedlagt.

Reguleringa er stadfesta som forenkla plan, jfr. § 26 nr. 2 i bygningslova.

Før byggemelding blir handsama, skal det liggja føre detaljplan for vedkomande byggeområde, godkjend av bygningsrådet. Detaljplanen skal mellom anna visa plassering av alle bygninga og tomtedeling.

Fylkesmannen har lagt saka fram for Universitetet i Oslo, Oldsaksamlingen, som har uttala seg ved brev av 30.07.1985. Oldsaksamlingen har synfare området, men ikkje gjort funn som kjem i konflikt med planforslaget.

Utanfor området, på gnr. 116, bnr. 21, blei det funne ei kolgrop, og Oldsaksamlingen reknar med at det er fleire i området og i skoggrensa ovanfor gardane, og det kan difor finnast jernvinne i planområdet. Oldsaksamlingen ber om at alle planar som gjeld dyrking, vegbygging og anna byggeverksemd blir sende Oldsaksamlingen til vurdering.

Saka er også lagt fram for Miljøvernavdelinga, som finn at hyttetomtene er mindre godt lokaliserte. Miljøvernavdelinga rår sterkt til at høgda austanfor Maristølen blir halden fri for hytter, og likeeins at det ikkje blir lagde hytter til landskapsromet Nystøltjern - Svarabergtjern som er svært ope og høgtliggjande.

På grunn av merknadene frå Miljøvernavdelinga, har fylkesmannen funne at reguleringa bør stadfestast som forenkla plan.

Byggeområda er relativt romslege i omfang. Fylkesmannen vil oppmoda kommunen om, gjennom vidare arbeid med detaljplan/tomtedelingsplan, å vurdera plasseringa av hyttene nærare.

Omsyn til naturvern- og friluftssinteressene tilsier at hyttene bør leggjast så langt sør og aust i byggeområda Maristølen og Toretjernhovda som råd er.

Detaljplan/tomtedelingsplan må utarbeidast i samråd med landbrukskontoret i Gol og Oldsaksamlingen.

Stadfestinga inneber ikkje utsleppsløyve etter § 11 i "Lov om vern mot foruresninger og om avfall av 13.03.1981".

Utslepp frå område omfatta av reguleringsplanen, kan berre skje på vilkår fastsette med heimel i nemnde lov og tilhøyrande føresegner.

Fylkeslandbruksmyndigheitene har i fråsegn til Gol kommune gjort krav om at § 55 i jordlova må gjelda for heile planområdet. Det går ikkje fram av saksdokumenta at spørsmålet er vurdert av kommunen.

Fylkesmannen har gått ut frå at kommunen ikkje har innvendingar til dette. Fylkesmannen ber kommunen ta opp med landbruksdepartementet spørsmålet om å gjera del av jordlova gjeldande for byggeområda innan det regulerte området.

./.

Stadfesta reguleringskart fylgjer vedlagt med stadfestingspåskrift.

Om kunngjering av stadfesta plan viser fylkesmannen til § 27 nr. 5 i bygningslova.

Ved kunngjeringa skal gjerast merksam på at fylkesmannen sitt vedtak kan påklagast til Miljøverndepartementet, gjennom fylkesmannen, innan 3 veker etter at vedtaket er kunngjort, jfr. § 17 i bygningslova og kap. VI i forvaltningslova av 10.02.1967.

./.

Ein del av dei innsende dokumenta fylgjer vedlagt i retur.

  
Ragnar Christiansen

  
Jan Rognebakke

Gjenpart sendt:

Vegkontoret i Buskerud, Postboks 2065 Strømsø, 3001 Drammen  
Fylkeslandbrukskontoret i Buskerud, her.

Buskerud fylkeskommune, Plan- og næringskontoret, her.

Universitetet i Oslo, Oldsaksamlingen, Fredriks gt. 2, Oslo 1.